

Voksehaugen



FAKTA

Trimpoeng:	2
Høgd over havet:	57 m
Lengd merka løype:	0,5 km
Stigning merka løype:	45 m
Underlag/terreng:	Berg, torv
Signeringar i 2013:	448

OM STADEN

Den høgaste av dei to toppane som utgjer "luftskytset" til den elles flate øya Voksa er ikkje særleg høg. Med sine 57 meter over havet kan ein lure på om det kan kallast eit fjell. Kanskje difor Voksehaugen er namnet. Toppen er på grunn av si vesle høgd dekt med stadig aukande trevekst. Klarer ein likevel å kike ut mellom greinene, er det litt av kvart å sjå. Rett nedanfor går ferja forbi med ujamne mellomrom, og elles ligg alle dei kringliggande stadane på rekkje og rad – merkeleg nok. Frå vest til aust og til vest igjen har vi Riste, Sandsøya, Gurskøya, Åramland/Vanylven, Stadlandet og Kvamsøya. Kjensla av at ein står midt i verda kan streife.

TURALTERNATIV

Merka sti frå garasjen ved grinda på kommunevegen på sydaustsida av øya. Første 150 meter relativt bratt opp til første toppen. Deretter slakt nedover inn i "skogen" før starten på dei siste 100 meterane som er eit kort, bratt parti. Noko vanskeleg å forsere, men med mykje å halde seg i går det truleg bra.

Alternativt trakk frå hovudvegen nordaust for toppen, frå midten av granskogen lengst ned mot veggen. Opp gjennom skogen før ein kjem inn på den merka løypa rett før det bratte partiet rett før toppen. Om lag halv distanse frå veggen kontra ordinær løype.

BILETE

